

# Kvalitetssystemet ved Høgskulen i Volda

Godkjent av styret 15.09.2022



## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Kvalitetsarbeidet ved HVO</b> .....	<b>2</b>
1.1	<i>Studietilsynsforskrifta</i> .....	2
<b>2</b>	<b>Mål</b> .....	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>Organisering, ansvar og medverknad</b> .....	<b>5</b>
3.1	<i>Overordna ansvar</i> .....	5
3.2	<i>Råd og utval</i> .....	5
3.3	<i>Studentar – ansvar og roller</i> .....	6
3.4	<i>Tilsette – ansvar og roller</i> .....	7
<b>4</b>	<b>Kvalitetsområder</b> .....	<b>8</b>
4.1	<i>Kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak</i> .....	8
4.2	<i>Rammekvalitet</i> .....	8
4.3	<i>Programkvalitet</i> .....	8
4.4	<i>Undervisningskvalitet</i> .....	8
4.5	<i>Resultatkvalitet</i> .....	9
4.6	<i>Relevanskvalitet</i> .....	9
4.7	<i>Tilsettcompetanse</i> .....	9
4.8	<i>Leiingskvalitet</i> .....	9
<b>5</b>	<b>Årleg evaluering, rapportering og utvikling</b> .....	<b>9</b>
5.1	<i>Emnerapport</i> .....	10
5.2	<i>Studieprogramrapport</i> .....	10
5.3	<i>Avdelingsrapport</i> .....	10
5.4	<i>Årsrapport for kvalitet i utdanningane ved HVO</i> .....	11

# 1 Kvalitetsarbeidet ved HVO

I universitets- og høyskulelova §1-6 står:

*Universiteter og høyskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring som skal sikre og videreutvikle kvaliteten i utdanningen. Studentevalueringer skal inngå i systemet for kvalitetssikring.*

HVO sitt kvalitetsarbeid er forankra i universitets- og høyskulelova, studiekvalitetsforskrifta og studietilsynsforskrifta.

Høgskulen i Volda (HVO) sitt kvalitetssystem er bygt opp rundt følgjande punkt:

- Mål for kvalitetsarbeid
- Organisering, ansvar og medverknad
- Hovudelement i kvalitetssystemet:
  1. Kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak (inntakskvalitet)
  2. Rammekvalitet
  3. Programkvalitet
  4. Undervisningskvalitet
  5. Resultatkvalitet
  6. Relevanskvalitet
  7. Tilsettkompetanse
  8. Leiingskvalitet
- Evaluering, rapportering og utvikling

## 1.1 Studietilsynsforskrifta

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) skal evaluere og godkjenne institusjonar sitt systematiske kvalitetsarbeid. Krava til det systematiske kvalitetsarbeidet og kriteria for evaluering finnast i § 4-1 i Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskrifta).

### 1.1.1 Forankring i strategien

I studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) står:

*Institusjonens kvalitetsarbeid skal være forankret i en strategi og dekke alle vesentlige områder av betydning for kvaliteten på studentenes læringsutbytte.*

Kvalitetsarbeidet ved HVO er forankra i HVO sin gjeldande strategiplan. HVO har utarbeidd egne verksemdsmål med hovudsatsingar i planperioden. Desse verksemdsmål tek utgangspunkt i sektormåla.

### 1.1.2 Forankring i leiinga og kultur for kvalitet

I studietilsynsforskrifta § 4-1 (2) står:

*Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer. Institusjonen skal gjennom kvalitetsarbeidet bidra til å fremme en kvalitetskultur blant ansatte og studenter.*

HVO har leiingskvalitet som ein del av kvalitetssystemet. Kvalitetsområdet handlar mellom

anna om forankring i leiinga, klare ansvarsområde og rollefordeling og rapporteringsstruktur. Det er eit leiingsansvar å sjå til at sviktande kvalitet vert løyst på lågast mogleg nivå.

### 1.1.3 Systematisk kvalitetskontroll

I studietilsynsforskrifta § 4-1 (3) står:

*Institusjonen skal ha ordninger for å systematisk kontrollere at alle studietilbud tilfredsstillar kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift, og eventuelle tilleggskrav fastsatt av institusjonen.*

Periodisk studieprogramevaluering av eksisterande studietilbod er ein del av kvalitetssystemet, og det utarbeidd egne retningslinjer for oppretting av nye studietilbod med utgangspunkt i kvalitetssystemet.

### 1.1.4 Systematisk innhenting av informasjon

I studietilsynsforskrifta § 4-1 (4) står:

*Institusjonen skal systematisk innhente informasjon fra relevante kilder for å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.*

Rapporteringsarbeidet ved HVO byggjer på dei evalueringstiltaka som kvalitetssystemet gjer greie for. Dette består av all tilgjengeleg data i DBH og Tableau, evalueringar på emne- og studieprogramnivå, periodiske studieprogramevalueringar, resultatane frå studiebarometeret og undervisarundersøkinga, m.m.

### 1.1.5 Bruk av kunnskap frå kvalitetsarbeidet

I studietilsynsforskrifta § 4-1 (5) står:

*Kunnskap fra kvalitetsarbeidet skal brukast til å utvikle kvaliteten i studietilbudene og avdekke eventuelt sviktende kvalitet. Sviktende kvalitet skal rettes opp innan rimelig tid.*

Resultatane frå rapporteringsarbeidet skal nyttast av studieprogramansvarlege og leiinga i avdelingane i vidare utvikling og revisjon av studieprogramma. Den avdelingsvise rapporten om studiekvalitet skal leggjast fram for avdelingsråda.


### 1.1.6 Utvikling av studieporteføljja

I studietilsynsforskrifta § 4-1 (6) står:

*Resultatane fra kvalitetsarbeidet skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonens samlede studieporteføljje.*

I den langsiktige planen for utvikling av studieporteføljja er strategiplanen for HVO ei overordna føring. HVO nyttar SEFØ-modellen (Strategi, Etterspurnad, Fagleg berekraft og Økonomisk berekraft) både i utviklinga av eksisterande studieporteføljje og i etablering av nye studietilbod.

Studiekvalitetsrapporten for avdelingane og årsrapport for kvalitet i utdanningane skal vere eit av grunnlagane for den langsiktige utviklinga av avdelingane og HVO si studieporteføljje. Figur 1 viser samanhengen mellom årsrapport for kvalitet i utdanningane og den langsiktige utviklinga av studieporteføljja.



Figur 1: Årssyklus for langsiktig utvikling av studieportefølja


## 2 Mål

HVO sitt kvalitetssystem skal bidra til å verkeleggjere høgskulen sin visjon: Kompetanse for eit betre samfunn.

Kvalitetssystemet skal:

- Bidra til kontinuerleg kvalitetsforbetring
- Vere utviklande og dynamisk
- Sette studenten si læring i sentrum
- Synleggjere god kvalitet og avdekkje sviktande kvalitet
- Gi informasjon til leiinga og styret som grunnlag for avgjersle om prioritering og ressursfordeling
- Avklare kven som har ansvar for kva når det gjeld utvikling av god studiekvalitet

Arbeidet med betring av studiekvaliteten kan framstillast som ein prosess med fem fasar som jamleg gjentek seg:



Figur 2: Kvalitetssirkelen

### 3 Organisering, ansvar og medverknad

#### 3.1 Overordna ansvar

Det er høgskulestyret som har det overordna ansvaret for kvalitetssystemet ved HVO og som handsamar årsrapporten om studiekvalitet.

#### 3.2 Råd og utval

Ved HVO har vi følgjande råd og utval som har oppgåver i det systematiske kvalitetsarbeidet:

##### 3.2.1 Utdanningsutvalet

Utdanningsutvalet skal mellom anna:

- Syte for at kvalitetsrapporten for HVO vert utarbeida og legge den fram for styret til godkjenning
- Sjå til at høgskulen har eit tilfredsstillande system for utdanningskvalitet og har eit systematisk arbeid med utdanningskvalitet
- Ha det overordna ansvaret for dei periodiske studieprogramevalueringane.
- Ved behov vidareutvikle kvalitetssystemet og legge det fram for styret for godkjenning
- Stimulere og bidra til at studieprogramma har høg kvalitet

##### 3.2.2 Læringsmiljøutvalet (LMU)

Læringsmiljøutvalet skal bidra til eit godt læringsmiljø og sikre studentane sin medverknad i prosessar som involverer læringsmiljøet. LMU skal gjennomføre dialogmøte med avdelingane, som vert brukt som grunnlag inn i kvalitetsrapporten. I tillegg skal LMU bidra inn i kvalitetsrapporten til HVO.

##### 3.2.3 Forskingsutvalet

Forskingsutvalet skal gi råd om forskarutdanning og stipendiatsatsing og vidare vere pådrivar for at forskinga ved HVO held høg kvalitet og vert knytt til utdanning (forskningsbasert undervising).

### 3.2.4 Internasjonalt utval

Internasjonalt utval skal gi råd og vere pådrivar for internasjonalisering i utdanningane, og vidare vere pådrivar for at internasjonaliseringa held høg kvalitet.

### 3.2.5 Avdelingsråd

Avdelingsrådet er rådgjevande organ for dekan. Dekan skal nytte avdelingsråda som rådgjevande organ i saker som vil ha stor betydning studentar sin studentkvardag. Avdelingsrådet skal handsame kvalitetsrapporten frå avdelinga.

### 3.2.6 Kvalitetsutval

Alle gradsgjevande studieprogram skal ha kvalitetsutval, der studentar frå alle kull/årstrinn er med. I kvalitetsutvalet er:

- Studieprogramleiar (leiar)
- Tillitsvalte studentar (1 student frå kvart årskull)
- Ein-to faglærarar tilknytt studieprogrammet

Kvalitetsutvalet skal vere bindeleddet mellom studentane og studieprogramleinga, skal vere eit forum for tilbakemeldingar og evaluering undervegs i studiet, og har samstundes som mål at studentar og faglærarar skal utvikle ei fagkritisk haldning. Kvalitetsutvala skal gi høve til å diskutere emne- og studieplanar, gjennomføringa av studiet, og å kome med tilbakemeldingar. Studieprogramrapporten skal handsamast i kvalitetsutvalet. Referat frå møte i kvalitetsutvala skal gjerast tilgjengeleg for studentane.

Arbeidet med kvalitetsutval går fram av retningslinene for kvalitetsutval.

### 3.2.7 Doktorgradsutval

Doktorgradsutvala har ansvar for kvalitetssikring og vidareutvikling av studie- og emneplanar. Programansvarleg har ansvar for å utarbeide ein kvalitetsrapport på bakgrunn av emnerapportar og studieprogramevaluering. Kvalitetsrapporten vert lagt fram for doktorgradsutvalet for godkjenning. Rapporten skal inngå i avdelinga sin kvalitetsrapport. Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag blir evaluert i tråd med kvalitetssystemet til Høgskolen i Molde.

## 3.3 Studentar – ansvar og roller

### 3.3.1 Deltaking i kvalitetsarbeidet

Alle studentar har ansvar for å delta aktivt i arbeidet med studiekvalitet. Dette skal skje ved representasjon i styre og utval, og gjennom deltaking i studentevalueringar, trivselsundersøkingar m.m. som høgskulen legg til rette for.

### 3.3.2 Tillitsvalt student – kvalitetsutvalsmedlem

Alle gradsgjevande studieprogram skal ha ein tillitsvalt student pluss vara for kvart årskull. Den tillitsvalte studenten har følgjande oppgåver:

- Medlem i kvalitetsutvalet på studieprogrammet
- Deltak på dialogmøta mellom LMU og avdelingane
- Bindeledd mellom studentgruppa og studieprogramleinga
- Bindeleddet mellom studentgruppa og Studentparlamentet

### 3.3.3 Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda skal arbeide for å betre studiekvardagen ved høgskulen

og sikre studentane sine interesser og rettar, både fagleg og sosialt. Studentparlamentet er bindeledd til leiinga ved Høgskulen. Vidare vel Studentparlamentet studentrepresentantar til Utdanningsutvalet, Forskingsutvalet, Læringsmiljøutvalet og Internasjonalt utval.

### 3.4 Tilsette – ansvar og roller

#### 3.4.1 Rektorat

Rektor er ansvarleg for kvaliteten i høgskulen sine studietilbod. Rektoratet har ansvar for den faglege oppfølginga av kvalitetssystemet, og for at det blir oppretta og gjennomført kompetansehevingstiltak for fagleg tilsette.

#### 3.4.2 Høgskuledirektøren

Direktøren har ansvar for drift og vedlikehald av kvalitetssystemet. Direktøren har òg ansvaret for kvaliteten i dei administrative tenestene knytt til studiekvalitet.

#### 3.4.3 Studiedirektøren

Studiedirektøren har det samla ansvaret for kvalitetsarbeidet knytt til dei studieadministrative tenestene ved HVO. Studiedirektøren skal syte for relevante statistikkar og analysegrunnlag som nyttast i det systematiske arbeid med kvalitet i utdanningane. Ved spesielle høve kan studiedirektøren, i samarbeid med avdelingane, ta initiativ til intern evaluering av studietilbod ved høgskulen for å sikre utdanningskvalitet.

#### 3.4.4 Personalsjef

Personalsjef har det samla ansvaret for at tilsettingar skjer i samsvar med kvalitetssystemet og gjeldande regelverk.

#### 3.4.5 Dekan

Dekanen har det overordna ansvaret for kvalitetsarbeidet og for å fremje kvalitetskultur i avdelinga, mellom anna ved å:

- organisere avdelinga sitt kvalitetsarbeid
- sjå til at evalueringane vert gjennomført, og for at resultatane vert følgt opp i relevante fora og avdelingsrådet
- utarbeide avdelinga sin årlege kvalitetsrapport

#### 3.4.6 Studieprogramansvarleg

Studieprogramansvarleg har det overordna ansvaret for studiekvalitet på studieprogrammet.

Studieprogramansvarleg har mellom anna ansvar for:

- å utarbeide studieprogrammet sin årlege kvalitetsrapport og følgje opp tiltak.
- planlegging, koordinering, evaluering og kvalitetsutvikling av studieprogram, inkludert praksisopplæring.
- å gjere kvalitetsarbeidet knytt til sitt studieprogram og kvalitetssystemet ved HVO kjent for studentane ved studiestart.
- å syte for at det vert valt ein tillitsvalt student med vara for kvart årskull i studieprogrammet.
- å syte for at studentane får tilbod om utdanningssamtale minst ein gang i studieåret.

#### 3.4.7 Emneansvarleg

Emneansvarleg har det overordna ansvaret for studiekvalitet i emnet. Emneansvarleg har mellom anna ansvar for:

- å utarbeide emnerapport etter kvar gjennomføring av emnet, inkludert tilbakemeldingar frå studentane.
- planlegging, koordinering, evaluering og kvalitetsutvikling av emne.

- å bidra til programevalueringane emnet inngår i.

#### 3.4.8 Faglærar

Faglærar har ansvar for å gi forskingsbasert undervisning, rettleiing og oppfølging, og for å bidra til evaluering av studieprogram og emne.

#### 3.4.9 Alle tilsette

Alle tilsette har ansvar for kvalitet i eige arbeid og arbeide kontinuerleg for eiga kvalitetsforbetring. Alle tilsette skal bidra til eit motiverande og stimulerande læringsmiljø.

## 4 Kvalitetsområder

NOKUT kallar heile studenten sitt liv på ein lærestad, frå opptak til mottatt vitnemål, for studenten si læringsbane. Det skal vere kvalitet i alle ledd, frå studenten si første kontakt med lærestaden gjennom god informasjon ved opptak – og heilt til studenten går ut frå institusjonen med eit vitnemål.

HVO har valt åtte kvalitetsområde som skal utgjere strukturen for kvalitetssystemet og som skal kvalitetssikre studenten si læringsbane:

### 4.1 Kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak

Kvalitetsarbeidet handlar om god informasjon om studiane, målretta rekrutteringsarbeid, rettleiing til søkjarar, opptak og mottaking av nye studentar og om høgskulen sitt arbeid for å integre nye studentar i læringsmiljøet og gi god oppfølging første studieår.

### 4.2 Rammekvalitet

Rammekvalitet omfattar økonomiske ressursar, organisatoriske strukturer, infrastruktur, studieadministrative støttetenester og god informasjon undervegs i studieløpet. Rammekvalitet omfattar også studenten sitt psykososiale læringsmiljø.

### 4.3 Programkvalitet

Programkvalitet omfattar kvaliteten på studieplanane, gjennomføringa av studia og korleis studieprogramma er utforma for at studentane kan oppnå læringsutbyttet. Programma skal vere i tråd med Høgskulen i Volda sin overordna strategi og ha relevant kopling til FoU-aktivitetar.

Det skal vere god samanheng og progresjon i studieprogrammet. Sikre at læringsutbytteformuleringane er styrande for utvikling av innhald, arbeidsmåtar og vurderingsformer i emna. Internasjonalisering ute og heime er også sentralt for programkvalitet.

### 4.4 Undervisningskvalitet

Kvalitetsarbeidet skal sikre at undervisninga fremjar omfattande kunnskaps- og ferdigheitsutvikling, etisk medvit og refleksjon, sjølvstende og kritisk tenking hos studentane.

Systemet skal stimulere til eit inkluderande og innovativt læringsmiljø ved HVO, og sikre at undervisninga i dei enkelte emna byr på variasjon i innhald, arbeidsmåtar og vurderingsmåtar på ein slik måte at studentaktiviteten vert høg og at læringsutbyttet er i samsvar med læringsutbytteformuleringane for emnet.

#### 4.5 Resultatkvalitet

Kvalitetsarbeidet skal bidra til at studentane oppnår læringsutbytte. Resultatkvalitet femner også om studenten si personlege utvikling og gjennomføring.

#### 4.6 Relevanskvalitet

Kvalitetsarbeidet skal styrke utdanninga si relevans slik at den møter samfunnets behov og arbeidslivets krav. Studentane skal utvikle kunnskar, ferdigheiter og generell kompetanse som bidrar til at dei kan fornye det yrkes- og samfunnsliv dei blir ein del av og meistre eit samfunn og arbeidsliv i endring.

#### 4.7 Tilsettkompetanse

Kvalitetsarbeidet skal sikre at fagleg tilsette utviklar omfattande undervisnings- og forskarkompetanse. Det skal bidra til at dei fagleg tilsette lei og gjennomfører ei forskings- og utviklingsbasert utdanning og meistrar undervisningsformer som fremjar både individuelle og kollektive læringsprosessar.

Kvalitetsarbeidet skal sikre at dei fagleg tilsette utviklar profesjonsfagleg digital kompetanse og nyttar denne på relevante måtar i undervisninga.

#### 4.8 Leiingskvalitet

Kvalitetsarbeidet skal bygge god leiing av utdanningsverksemda på alle nivå ved høgskulen. Det skal fremme leiarutvikling for arbeid med utdanningsverksemda og arbeidsmiljøa med ansvar for denne.

Kvalitetssystemet skal bidra til at leiinga får innsikt i og kan kritisk vurdere utdanningskvaliteten.

### 5 Årleg evaluering, rapportering og utvikling

God informasjonsflyt og tilbakeføringssløyfer er ein viktig del av kvalitetssystemet, då dette skal bidra til deling av kunnskap, læring og utvikling i organisasjonen. Rapportar og referat frå dei ulike evalueringstiltaka skal vere tilgjengelege for studentar og tilsette på eigna stad i Canvas.

Hovudstammen i kvalitetssystemet er kvalitetsrapportane frå emne, studieprogram, avdeling og HVO.



Figur 3: Hovudstammen i kvalitetssystemet

### 5.1 Emnerapport

Emnerapporten bygger på ei evaluering av emnet skal gi studentar og faglærarar høve til å gi tilbakemelding om opplegget for, og gjennomføringa av, kvart emne. Dette, saman med eventuelle forbetringstiltak, vert formulert i ein kort emnerapport som vert sendt til studieprogramansvarleg (sjå eigen mal). Det går ut frå figuren over kva datagrunnlag emnerapporten skal bygge på.

Emnerapporten skal gjerast kjent for studentane.

### 5.2 Studieprogramrapport

Studieprogramrapporten bygger på ei evaluering av studieprogrammet som skal gi studentar og emneansvarlege høve til å gi tilbakemelding om opplegget for, og gjennomføringa av, studieprogrammet. Dette, saman med eventuelle forbetringstiltak, vert formulert i studieprogramrapporten som, etter behandling i kvalitetsutvalet, vert sendt til dekan (sjå eigen mal). Det går ut frå figuren over kva datagrunnlag studieprogramrapporten skal bygge på.

Studieprogramrapporten skal gjerast kjent for studentane.

### 5.3 Avdelingsrapport

Avdelingsrapporten bygger på studieprogramrapportane, statistikk frå studieadministrasjonen og studiebarometeret med meir. Rapporten skal handsamast i avdelingsrådet. Deretter går rapporten vidare som del av årsrapport for studiekvalitet til Utdanningsutvalet og Høgskulestyret.

Dei avdelingsvise rapportane skal:

- Gi ei vurdering av kvalitetsarbeidet knytt til utdanningane ved avdelinga med grunnlag i dei utvalde hovudelementa i kvalitetssystemet
- Analysere og evaluere resultat frå kvalitetsarbeidet og tidlegare tiltak, og identifisere forbetringstiltak på avdelingsnivå
- Identifisere eventuelle problem som avdelinga ikkje kan løyse åleine

#### 5.4 Årsrapport for kvalitet i utdanningane ved HVO

Årsrapport for kvalitet i utdanningane ved HVO bygger på avdelingsrapportane, statistikkar frå studieadministrasjonen og studiebarometeret med meir. Rapporten skal handsamast i Utdanningsutvalet før den vert sendt til Høgskulestyret for godkjenning.

Årsrapporten skal

- gi ei samla og overordna evaluering av studiekvaliteten ved institusjonen, jamfør § 4-1 i Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgere utdanning (studietilsynsforskriften)
- gi eit oversyn over opplegg og tiltak i kvalitetsarbeidet knytt til dei utvalde kvalitetsområda (jamfør kapittel 5)
- Analysere og evaluere resultat frå kvalitetsarbeidet og tidlegare tiltak, og identifisere forbetringstiltak på HVO-nivå